



Borge Olsen kvintett på bøkkervelden i fjor.

I fjor skreiv Bergensekteparet Sigrid og Peter Einar Kaland Maken til musikk, maken til stemning! i gjesteboka etter å ha vore på den årvisse bøkkervelden på Rød. I år er stort sett same bandet tilbake, og det vert garantert flott stemning og topp musikk i Bøkkerverkstaden når dette tradisjonsrike arrangementet vert skipa til for 18. gong den 20.juni!

Frå starten har jazzringreven og slagverkaren Kjell Borge Olsen(77 år) vore svært så sentral med å syta for jazz av ypperste klasse. Han har trekt med seg mange gode jazzmusikarar til Rød. I år kjem stort sett same bandet som har imponert slik dei siste åra.

Borge Olsen har også i år med seg den dyktige gitarist-sonen Leif Henrik Borge Olsen som no er busett i Trondheim. Bjarne Øymyr(tangentar) og Alex Grieg(kontrabass) er med i år som i fjor. Alex er busett i Bergen, Bjarne i Rosendal. Begge høyrer til kremen i jazzmiljøet i Bergen og er svært aktive der. I tillegg er Bjarne eit stort aktivum i mange musikksamanhengar her i heimekommunen.

I tillegg til desse 4 kjem saksofonisten Ole Jakob Hystad. Han kjem frå Stord og høyrer også heime i den absolutte jazzeliten. Han har spela på bøkkervelden fleire gonger før, men ikkje dei siste åra.

Til saman utgjer dei 5 litt av ein kvintett, og dei spelar svingande, svært høyrbar musikk som fell i smak hos dei fleste. Dei skaper ein stemning i Bøkkerverkstaden som absolutt bør opplevast.

Bøkkervelden har altså vore arrangert mest samanhengande i 18 år. Kun eit år har vore utan arrangementet. Det var i 2011. Då var Kjell Borge Olsen i Tyskland, og ein fekk ikkje musikk.

Elles melder primus motor Kristian O. Bringedal at det vert tradisjonelt opplegg. Det startar ute på kaien der fartøy kjem til lands. I tillegg vert det som vanleg kåseri, og maten er sjølvstekt lubbesild og poteta.

Dei første påmeldingane er alt komne inn til Kristian O. Bringedal(915 31 487) så her gjeld det berre å melda seg på.



Saksofonisten Ole Jakob Hystad er tilbake i år.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen